

KYRKJELYDSBLAD FOR ETNEDAL



# KYRKJE-VÅRDEN

Nr. 1

Påska 2022

54. årgang

*Signa,  
god påske!*



**Av innholdet:**

Prestens hjørne .....	s. 3	Eit levande bygdesamfunn	
Biskop Solveigs påskeandakt .....	s. 4	Med Nord-Etnedal Grendelag	s. 14-16
Maria Magdalenas jubel .....	s. 5	Diverse INFO	s. 17-18
Påskedagane .....	s. 6	Det muntre hjørnet	s. 19
Påskekviss .....	s. 7	Dåpshøgtid og konfirmasjon	s. 20
Kirkens nødhjelp-fasteaksjonen	s. 8-11	Slekters gang	s. 21
Ynskjediktet .....	s. 12	Oppslagstavla	s. 22
Mi salme .....	s. 13	Gudstenesteliste	s. 23



# DEN NORSKE KYRKJA

## KYRKJELEGE TILSETTE I ETNEDAL:



### KYRKJEVERJE

Marie Bjørnødegård  
tlf. 61 12 13 20 / 918 37 011  
E-post: mb836@kyrkja.no  
Kontortid: Måndag, tysdag, torsdag og  
fredag 09 - 15



### SOKNEPREST

Marit Slettum  
tlf. 913 93 314  
E-post: ms638@kyrkja.no  
Inga fast kontortid, men er ofte innom  
Tlf. 61 12 13 22  
Opptake ? Legg gjerne att beskjed  
Samtale ? Ring og avtal tid  
Måndag er prestens fridag



### ORGANIST

Serhiy Bykov  
tlf. 90 21 29 45  
E-post: sb742@kyrkja.no



### TRUSOPPLÆRINGSMEDARBEIDAR

Helena Wright  
tlf. 951 78 041  
E-post: hw337@kyrkja.no



### KYRKJELYDSARBEIDAR

Ellen Oddveig Rudi  
tlf. 948 65 195  
E-post: er339@kyrkja.no



### KYRKJETENAR

Nils Kjell Nilsen  
Tlf. 918 22 336  
E-post: nn934@kyrkja.no



### KONTORSEKRETÆR

Laila Sveen  
Tlf. : 611 21 320/ 911 23 183  
E-post: ls456@kyrkja.no

## KYRKJEKONTORET

Etnedal kommune,  
Kyrkjevegen 26, 2890 Etnedal  
61 12 13 00 / fax 61 12 13 01

## DEI KYRKJELEGE RÅDA I ETNEDAL:



### BRUFLAT SOKNERÅD

Magnhild Claudius, leiar  
Tlf.: 94164449  
E-post: magnhildc85@gmail.com



### N. ETNEDAL SOKNERÅD

Steinar Stenseth, leiar  
Tlf. 975 69 228  
E-post: steinarsten@gmail.com



### ETNEDAL KYRKJELEGE FELLESRÅD

Anders Grønbrekk, leiar  
Tlf. 905 64 184  
E-post: angro53@hotmail.com

## KYRKJEVARDEN

Kyrkjelydsblad for Etnedal  
Utgjevar: Sokneråda i Etnedal  
Redaktør: Marit Slettum  
Fast medarb.: Ingun Kompen og  
Wenche Hillestad Møller

### Ekspedisjon:

Kyrkjekontoret, 2890 Etnedal

### Bladpengar:

Kr. 250,- eller meir for året  
Til adresse utanom Etnedal: kr. 300,-  
Bankgiro: 2140.07.03822

Prenta i Land Trykkeri as, Dokka

## PRESTENS HJØRNE

Kjære alle saman!

Det er alvorlege tider.

Sjølv om mange framleis blir sjuke av koronaviruset, har vi fått større rom og kan samlast att – nesten som før. Litt smulare farvatn, tenkte vi, og sukka letta. Og så kom krigen, i Europa. Mange har levd i krigsområde i årevis – også våre nye landsmenn frå Syria og Eritrea og andre land. No råka det Ukraina, og det kom ekstra nært på fordi det er heimlandet til organisten vår, Serhiy og familien hans. (og andre som er busette i Etnedal.)

Krig er forakt for liv, skreiv Nordahl Grieg, og denne foraktens uttrykk ser vi rulle over skjermene våre, dagleg, frå eit krigsherja land og flyktningestraumane som søker seg vestover. Vi græt med dei og ber i vår hjelpeløyse.

Det kjem fleire ukrainarar til oss óg (i tillegg til dei som alt er kome) Midt i alt er det godt å sjå engasjementet og omtanken de har, kjære sambygdingar! Det er vanskeleg å finne ord i slike tider.

Vi har hatt stille bolkar i gudstenestene våre dei siste søndagane. Vi planlegg også andre tidspunkt for open kyrkje, til stillheit, lystenning og fellesskap.

Eyvind Skeie har fått ei særeigen gåve til å finne ord. Desse verselinjene (høgre spalte) skreiv han 25. februar.

*«Gud, finnes det tårer i himlen,  
der englene synger din pris,  
da kom med litt varme til jorden,  
når hjertene smelter som is.»*

Ei påskelilje til deg  
med hjarteleg ynskje om ei signa, god påskehelg!

Marit prest



### *Påske-egg frå Ukraina*

*Å Gud, du som skapte oss alle  
og ga oss et liv her på jord,  
hvordan vil du vise ditt nærvær  
når sorgen er grenseløs stor?*

*Hvordan vil du si oss at håpet  
har mening, slik noen har sagt,  
når lyset i verden har sloknet  
og dødskrefter viser sin makt?*

*Til hvem skal vi vende vår klage,  
til hvem skal vi gå i vår nød?  
Vi trenger ditt lysende nærvær  
i uro, i krig og i nød!*

*Gud, finnes det tårer i himlen,  
der englene synger din pris,  
da kom med litt varme til jorden,  
når hjertene kjennes som is.*

*Å, kom når vi engstes og gråter  
og rør ved vår redsel, vårt savn!  
Fortell oss at alt det vi mistet,  
er gjemt i din nådige favn.*

*Eyvind Skeie*

# Guds håp er planta på jorda

## Påskeandakt ved biskop Solveig Fiske



Etter enda ein dag i dødens landskap med sjokk, sorg og saknad, hadde Maria Magdalena og dei andre som følgde Jesus, funne kvile i god svevn. Men ho vaknar grytidleg. Alle som har erfart død og sorg, veit noko om dette. Vere sliten. Legge seg. Gå inn i svevnen, men vakne brått tidleg på morgonen og tenke: Er det sant?

Dei som sørga over Jesus, opplevde nok natta som enda mørkare enn dei var vande med. Han som dei hadde knytt håpet og framtida si til var død. Han som snakka om evig liv, hadde sjølv gitt tapt for dødsref-tane.

Tidleg på morgonen. Bråvakne og kjenne på alt dette som døden er. Vakne og legge i veg mot grava.

... medan det enno er mørkt, kjem Maria Magdalena til grava, skriv evangelisten Johannes og skildrar Maria Magdalena og den skjelvande uroa hennar, den raske løpeturen og overleveringa av beskjeden om at grava er tom.

Eg trur opplevinga liknar noko den amerikanske poeten og songaren Kate Wolf skreiv:

- Den finaste stunda eg veit er den som kjem mellom nattas oppbrot og dagens gry. Det er den timen da myrkret rullar bort.

Framleis lever vi i kontrastanes verd. Framleis vil det vere mange tidlege morgonar med brennande eksistensielle spørsmål kring liv og død, fellesskap og fråskiljing.

Men Jesu død er ikkje lenger eit teikn på avmakt, men og eit teikn på at Guds håp er planta på jorda for oss alle. Han som i sanning var død, lever i dag og går med oss alle dagar.

Lysset frå den evige kjærleik er der og styrkar trua, håpet og kjærleiken og utfordrar oss til å leve til Guds ære og til gagn for menneska.

Velsigna påske!

Solveig Fiske  
Hamar biskop



## Maria Magdalenas jubel

Tidleg om morgonen kjem nokre kvinner til grava. Dei finn Jesu grav tom. Maria Magdalena møter Jesus, og Jesus viser seg for disiplane same dag og ved fleire høve seinare.

Det er dikta mange salmar om kva Maria Magdalena og dei andre kvinnene som kjende Jesus, opplevde da dei kom til grava påskemorgon. Alle dei fire evangelistane fortel om dette.

Etter at ho hadde møtt Jesus og vart overtydd om at han verkeleg levde, skunda ho seg til læresveinane for å fortelje dei kva ho hadde opplevd.

Dette er bakgrunnen for salmen *Å salige stund uten like*. Den vart skriven år 1890 av ein fattig, sjuk journalist, Johan Halmrast.

Han vart født på Fåberg i 1866. Johan var svakeleg frå fødselen av, krokrygga og stuttvaksen, og han fekk aldri livet til å lukkast. Da han var 12 år, gjekk faren som var kjøpmann på Lillehammer, konkurs, og dei flytte til Oslo. Det vart ikkje råd til noko utdanning for Johan, men han var særst intelligent og lærde seg millom anna engelsk og tysk så godt at han kunne arbeide som omsetjar. Han skreiv artiklar, dikt og romanar, nærast det vi kallar kiosklitteratur.

Johan var djupt religiøs og skreiv ei mengd salmar, men berre *Hen over jord et pilgrimstog* og *Å salige stund uten like*, er komne med i den reviderte salmeboka frå 2013.

Påskesalmen er oversett til dansk, svensk, kinesisk, gassisk og santali, og i salmeboka finn vi den på nordsamisk. Kristian Wendelborg, ingen spesiell kjent komponist, sette melodi til den same året som den vart skriven, og for ein komposisjon! Eg trur ikkje Johann Sebastian Bach kunne gjort det betre.

Johan dikta sin eigen situasjon inn i salmen som og har blitt kalla Maria Magdalenas jubel. Når han skriv: ”Tenk, jeg som er ringest blant ringe, den minste han kjenner på jord”, så er det like mykje sin eigen situasjon som Marias han beskriv. Akkurat som Maria var han langt nede på rangstigen. Fattig og forkomen kjende han seg utstøytt av samfunnet. Dei siste åra var vanskelege. Han budde på eit kaldt loftstrom og døydde av lungebetennelse, 22. november 1912, 46 år gammal.

Dei siste åra han levde hadde han fått vener i Frelsesarmeen. I gravferda møtte berre far, bror og fire fellesoffiserar.

På loftstrommet hans vart det funne to sekkar med upubliserte manus som vart brent ulese. Men med ”Maria Magdalenas jubel” blir han ikkje gløymt.

Tone Steinset



### *Å salige stund uten like*

*Å salige stund uten like,  
han lever; han lever ennu!  
Han vandrer i seieren rike,  
min sjel hvorfor sørger da du?  
Han er ikke lenger i graven,  
hvor bleknet i døden han lå;  
/:jeg levende så ham i haven,  
og aldri så skjønn jeg ham så.:/*

*Han lever, og jeg skal få bringe  
hans venner det salige ord –  
tenk, jeg som er ringest blant ringe,  
den minste han kjenner på jord.  
Tenk, jeg skal hans hilsen frembære,  
å kunne jeg synge det ut!  
/:Mer kunne ei engler begjære  
enn gå med så salig et bud.:/*

*Å salige stund uten like,  
han lever; han lever ennu!  
Han vandrer i seierens rike,  
min sjel, hvorfor sørger da du?  
Du søkte din trøst i den døde,  
og dvelte ved gravnatten kun;  
/:så fikk du den levende møte,  
å salige, salige stund!:/*

## Påskedagane



Inntoget i Jerusalem. Jesus rir inn i byen på eit esel. Han blir hylla som ein konge. Folk legg palmegreiner og kappene sine på vegen framfor han.

### Måndag:

I Jerusalem dreg Jesus til tempelet og ryddar tempelplassen. Han driv ut alle dei som driv med handel der.

### Tysdag:

Overprestane og dei skriftlærde vil bli kvitt Jesus. Dei slær seg saman mot han, og Judas tilbyr seg å hjelpe.

### Onsdag:

Jesus er åleine på Oljeberget saman med disiplane sine.



### Skjærtorsdag

Påskemåltidet. Jesus et påskelammet saman med disiplane. Han vaskar føtene deira og trøystar dei. Så dreg dei til Getsamene-hage. Der ber Jesus til Gud. Disiplane sovnar. Jesus blir forrådt av Judas, og Jesus blir teken til fange. Han blir stilt for Det høge råd. Peter nektar for at han kjenner Jesus.



### Langfredag

Jesus blir stilt for romersk rett, ved landshovdingen Pontius Pilatus, og blir dømt. Jesus blir korsfesta og dør.

Han blir gravlagt.

### Laurdag:

Pilatus set ut vakter ved grava.



### Påskedag

Tidleg søndag morgon kjem fleire kvinner i sorg til Jesu grav. Dei blir både forskrekka og forundra då dei ser at steinen er rulla bort frå gravopninga. Jesu kropp er borte. To menn i skinande kvite klede synar seg for dei. « - De søker den levande mellom dei døde, Jesus er ikkje her, han er stått opp slik som han sa.»

## PÅSKE-SPØRSMÅL

1. Kva bestemmer når påska kjem?
2. Blir den kristne påska feira samstundes med den jødiske?
3. Kvar vart Jesus korsfesta?
4. Kva betyr ordet ortodoks?
5. Kva heiter dei fire evangeliebøkene i NT?
6. Er det fem mosebøker i Bibelen?
7. Kva betyr Messias?
8. Korleis lyder det siste verset i Bibelen, Åp. 22,21?
9. Kva for eit bibelvers kallast «Den vesle bibelen»?
10. Karneval, kva er den eigentlege tydinga av ordet?

### Lett blanding

11. Kva heitte Alf Prøysen eigentleg?
12. Idretts-kjendis frå Dalsbygda, som nett har avslutta karriera, kven?
13. Når innførte Noreg sjølvmelding?
14. Kor mange barn vart det født i Noreg i 2015?
15. Kva år kom Facebook?
16. Kva er største øya i Sverige?
17. Kva betyr krypto?
18. Kva fylke har mest skog?
19. Kva er det svenske ordet for pute?
20. Kva er ein hjulspinner?
21. Kva heiter fjorden ved Odda?
22. Er sjøhest ein fisk?
23. Kvar er byen Klaksvik?
24. Har Island jernbane?
25. Kva er diameteren på eit golfhol?



- Svar:**
1. Fyrste påskedag er fyrste sundag etter fyrste fullmåne etter vårdøgn.
  2. Vanlegvis ikkje, jødane feirar påske til fast tid, i detra månad nisan, men av og til feiringa saman med den kristne påska.
  3. Golgata
  4. Retruande
  5. Matteus, Markus, Lukas og Johannes
  6. Ja
  7. Den som er salva
  8. «Herren Jesu nåde vere med dykk alle»
  9. Joh. 3,16
  10. Frå latin «carne vale» farvel til kjøtt
  11. Alf Olafsen
  12. Therese Johaug
  13. 1911
  14. 59 100
  15. 2004
  16. Gotland
  17. Hemmeleg – skjult
  18. Innlandet
  19. Kudde
  20. Edderkopp
  21. Sørfjorden
  22. Ja.
  23. Førøyane.
  24. Nei.
  25. 10,8 cm.

## Fakta om Kirkens Nødhjelps Fasteaksjon

**1967**  
Første innsamling



Pengene som samles inn går til Kirkens Nødhjelps arbeid over hele verden

**1,32 mrd**  
Norges nest største innsamlingsaksjon



**1,32 mrd**  
Totalt innsamlede midler gjennom tidene



Sammen retter vi søkelys mot urettferdighet i verden som årsak til fattigdom og konflikt, og gjør noe med det

**240 000**

Det største beløpet samlet inn av en menighet noensinne



Kirkens Nødhjelps fasteaksjon gjennomføres av 1200 menigheter med 40 000 frivillige og ansatte, samt ansatte i Kirkens Nødhjelp hjemme og ute



Fastetiden i kirkeåret varer i 40 dager fra askeonsdag (første onsdag etter fastelavn) og avsluttes når første påskedag kommer



Aksjonsdager er søndag til tirsdag før palmehelgen hvert år



Faste (norrønt: fasta) er vanlig innen ulike religioner som en tid for refleksjon, bønn, åndelig fornyelse, rensende prosess, botgjøring med mer. Fasten skjer på ulike måter.



Vi kaller det grenseløs næstekjærlighet og tro i praksis

«Faste betyr å øve meg på å si ja til noe, og dermed si nei til noe annet som er mindre viktig»

– Sunniva Gylver



**KIRKENS NØDHJELP**  
act alliance



## Kirkens nødhjelp - fasteaksjonen



Kirkens Nødhjelp markerer 75-års jubileum i 2022, med håp som overordnet tematikk. Kirkens Nødhjelps fasteaksjon er en viktig del av markeringen, og har fått tittelen «Håp i en dråpe vann».

Det er krig i Ukraina, hundretusener er på flukt og en alvorlig humanitær krise utvikler seg. Kirkens Nødhjelp med søsterorganisasjoner var raskt på plass med akutt nødhjelp som rent vann, mat, tepper og hygieneartikler til flyktingene.

Kirkens Nødhjelp utfører arbeid på vegne av kirkene i Norge. Vi skal redde liv og kreve rettferdighet, og vi jobber både med nødhjelp i krisesituasjoner i tillegg til langsiktig arbeid. Pengene som samles inn i fastetiden går til Kirkens Nødhjelps arbeid over hele verden. Dette gir oss mulighet til å raskt mobilisere når kriser oppstår, slik som vi nå gjør for innbyggerne i Ukraina.

Fokuslandet for årets fasteaksjon er Malawi. Tidligere i år ble landet rammet av flom, og Kirkens Nødhjelp var til stede med krisehjelp. I tillegg jobber vi også med langsiktig bistandsarbeid i landet, blant annet gjennom klimatilpasset jordbruk gjennom vanning via dryppsystemer. Dere vil blant annet møte Takondwa Phanga. Han er agronom, og lærer bort moderne jordbruksteknologi til småbønder for å bekjempe sult og fattigdom.

Vi gleder oss til å mobilisere, slik at stadig flere mennesker får tilgang til rent vann!

### FASTEAKSJONSKVELD

På Bruflat menighetshus  
tysdag 5. april kl. 18.00

Konfirmantane deltek saman  
med Marit prest, diakoniutvalet og  
regionleder Kristin Tepstad Eide.

#### Da jeg trengte en neste

*Da jeg trengte en neste, var du der, var du der?*

*Da jeg trengte en neste, var du der?*

*Hvem du er, hvor du lever,*

*det er en ting som teller:*

*Var du der?*

*Da jeg tørstet og sultet,*

*var du der, var du der?*

*Da jeg tørstet og sultet, var du der?*

*Omkved*

*Da jeg frøs og var fengslet,*

*var du der, var du der?*

*Da jeg frøs og var fengslet,*

*var du der?*

*Omkved*

*Da jeg kom som en fremmed,*

*var du der, var du der?*

*Da jeg kom som en fremmed,*

*var du der?*

*Omkved*

*Overalt hvor du ferdes –*

*Jeg er der, jeg er der,*

*Overalt hvor du ferdes –*

*Jeg er der.*

*Omkved*

*Hvem du er, hvor du lever,*

*Det er en ting som teller:*

*Jeg er der.*

## Årets fasteaksjon: 3. – 5. april 2022

### Ein drope vatn gjev håp i tørken



**Tenner håp: Takondwa Phanga er agronom og brukar yrket sitt til å få bønder i Malawi ut av fattigdom.**

**Alt Takondwa Phanga (26) tar i spirar og gror, og det går gjetord om den flinke agronomen i mils omkrins. Sjølv har han berre eit mål og det er å dele raust med kunnskapen sin, slik at småbønder kan kome seg ut av fattigdom og svolt.**

*Av: Anette Torjusen Foto: Håvard Bjelland*

Tørke skaper akutt svoltkrise for millionar av menneske kvar einaste dag.

Eit håp kan byrje med ein drope vatn. Det kan gje ei framtid utan svolt, fattigdom og konflikt. Vatn kan endre eit liv, ein landsby og eit land. Vatn er livsviktig. Ein av dei som ser det kvar einaste dag er agronom Tankondwa Phanga.

Vi er i landsbyen Chingagwe i Malawi, der tolv småbønder får opplæring i moderne jordbruk.

– Her hjelper eg småbønder med å få høgare kvalitet

på avlingane sine slik at dei kan hauste meir og samstundes auke inntektene sine, fortel han.

Prosjektet starta i desember 2020, og allereie eit år seinare har bøndene tredobla inntektene sine. Sjølv gjev han opplæring i 17 område.

Målet er å få småbønder ut av fattigdom og svolt, samstundes som dei utviklar seg som bønder. I Malawi lever 80 prosent av landbruk, og så mange som fire millionar menneske manglar tilgang til vatn.

Dei tolv bøndene vi møter i dag, har investert i eit sett med kvalitetsfrø, eit vatningssystem og gjødsel. I tillegg lærer dei seg gode metodar for å utvikle jordbruket sitt.

– Jobben min er perfekt for meg. Lidenskapen min er å hjelpe bønder til å utvikle seg slik at dei kan få betre resultat. Gjennom jobben min kan eg vere med på å gjere ein forskjell.

Det tradisjonelle jordbruket skaper stort press på både jorda og vassressursane. Dei moderne jordbruksmetodane, som gjev større og sikrere avlingar på mindre areal og brukar mindre vatn, er utilgjengelege for småbønder i verdas fattigaste land. Både irrigasjonsutstyr, frø og kunstgjødning blir berre selde i store kvanta. Bøndene manglar utdanning og dei færreste har råd til å investere.

Bønder som brukar moderne jordbruksteknologi, slepp å hente vatn i brønnar og elver. I staden for fyller dei ei bøtte med vatn, som er kopla til to slangar. Slangane har små hol, slik at vatnet pipar ut og gjev ei jamn vatning av grønsakene. Bøndene kjøper seg ei startpakke som består av kvalitetsfrø, eit irrigasjonssett og gjødning. Eit slikt sett kostar rundt 100 kroner. Før måtte dei hente vatn fleire gongar om dagen slik at plantene fekk nok vatn. Takka vere irrigasjonssystemet, får plantene vatnet dei treng.

Ofte kan det vere trøngt om plassen i landsbyar og hagar, difor er også plassutnytting eit viktig tema Phanga lærer bort. I staden for å plante ei rad med tomatar, brukar dei same plassen til å dyrke to rader. I tillegg får bøndene ei innføring i kva grønsa-

ker som eignar seg best å dyrke og korleis dei best bør lagrast slik at dei kan auke inntektene sine.

– Bøndene som er med i prosjektet har tent nok til å kjøpe seg ein hønsegard, skoleuniformer eller sende barna på skole. Dei har også nok mat til heile familien. I tillegg kan vi sjå at dei kjøper meir land og på den måten utvidar jordbruksarealet sitt, forklarar han. Etter at bøndene vart med i prosjektet, kan agronomen sjå stor forskjell i liva til folk.

– Bøndene og familiene deira har no enkel og føresieleg tilgang til grønsaker. Dei har auka inntektene sine og dei investerer vidare. Før hadde dei kanskje ingen eller lite pengar. No har dei ei stabil inntekt, som syter for næringsrik mat på bordet kvar einaste dag.

Denne endringa gjer at han har tru på framtida.

– Målet mitt er å få andre til å sjå korleis dei sjølv kan endre liva sine. Som nyutdanna håpa eg at eg skulle få oppfylt draumen min om å jobbe i Kyrkjens Nødhjelp. No gjer eg det, og det gjer meg glad og takksam. Måten Kyrkjens Nødhjelp jobbar med lokalsamfunn på, er riktig og viktig. Eg er veldig stolt over at eg får vere med på å forandre verda.



**Nye metodar:** Agronomen har ansvar for 17 område med 12 bønder i kvart område. Han lærer dei om nye metodar og korleis ein får mest ut av grønsakakeren sin.

## Ynskjediktet



**Gerd Ragnhild Granum**

Det er mange fine dikt, så det er ikkje lett å velge. Eg har vore innom fleire. Til slutt vart det eitt som betyr mykje for meg, den fyrste song, med tekst av Per Sivle. Eg er så heldig å ha mor mi enno, og det er eg veldig takksam for.

Eg vil utfordre Anbjørg Byfuglien til å velge dikt til neste Kyrkjevarde

Gerd Ragnhild Granum

### *Den fyrste song eg høyra fekk*

*Den fyrste song eg høyra fekk  
var mor sin song ved vogga.  
Dei mjuke ord til hjarta gjekk,  
dei kunne gråten stogga.*

*Dei sulla meg så underleg,  
så stilt og mjukt te sova.  
Dei synte meg ein fager veg  
opp frå vår vesle stova.*

*Den veggen ser eg ennå tidt  
når eg fær auga kvila.  
Der stend ein engel, smiler bildt  
som berre ei kan smila.*

*Og når eg sliten trøytmar av  
i strid mot alt som veilar.  
Eg høyrer stilt frå mor si grav  
den song som allting heilar.*



**Sivlegarden ved  
Stalheim i Vestland.  
der Per Sivle vaks opp.**

«Den fyrste song» er valt av Gerd Ragnhild Granum til diktpalta vår. Tekstforfattaren Per Sivle mista mor si då han berre var to og eit halvt år gamal. Susanna Sivle f. Ryum er gravlagd på Oppheim gamle kyrkjegard i Sogn. Per Sivle skreiv dette diktet i ung alder, i djup lengt etter mor si, som døydde så altfor tidleg. Sivle set ord på takksemda og kjensla mange ber på til mor.



Red.

## Mi salme



Ole Albert Knutsen har valt salme til spalta vår i denne Kyrkjevarden. Her har bestefar besøk av barnebarnet Carmen.

Eg tek utfordringa frå Anne Nora Lekanger.

Salmen eg tenkjer på, er ein lovsang, som betyr mykje for oss. Vi song den i vår kjære mors gravferd.

### ***O store Gud***

*O store Gud når jeg i undring aner  
Hva Du har skapt i verden ved ditt ord  
Ser universet med de mange baner  
og vet alt liv oppholdes ved Ditt ord*

*Da bryter lovsang i fra sjelen ut  
O store Gud, O store Gud*

*Når jeg i skriften ser de mange under  
Som Du har gjort fra første Adams tid  
Og ser hvor trofast Herren alle stunder  
Har ført sitt folk igjennom livets strid*

*Når jeg så vet at Kristus lot seg føde  
Ja, at Han gikk omkring og gjorde vel  
Inntil Han sonet verdens synd og døde  
Og oppsto for å frelse hver en sjel*

*Når så til slutt hvert tidens slør må falle  
Når troens mål er nådd og jeg får se  
Vil evighetens klokke sjelen kalle  
For tronen mellom skaren hvit som sne*

***Da bryter lovsang i fra sjelen ut  
Takk store Gud, takk store Gud***

Eg vil utfordre mine gode venner på Rotvollstølen, Sabrina Hjort og Jon Erik Fauske, til å velje salme i neste Kyrkjeverde.

Ole Albert Knutsen




«Universet  
med de mange  
baner»

## Eit levande bygdesamfunn med Nord-Etnedal Grendelag

Det er godt å leva livet i Valdres, og Nord-Etnedal Grendelag bidreg på sin måte til det gode liv i Etnedal. Her er litt om grendelaget sitt arbeid.

### Skiløyper

Takket vera frivilling innbetaling til løypekøyring og støtte frå diverse sponsorar og Etnedal kommune, samt dei eminente løypekøyrarane Tore Hagasæt, Håvard Tollehaug og Mikael Hestekind som brukar fritida si på løypekøyring- kan fastbuande, hyttefolk og andre nyte vekslande og vakker natur i gode skispor når ein måtte ynskje det. Det er rein luksus å kunne suse avgarde i milevis av trikkesnøskinner, nyte den friske lufta, appelsin og kvikkklusj og etterpå ha god samvit for at ein har fått litt mosjon. Du kan sjå løypenettet på [loyper.net](http://loyper.net) for oppdatert løypeinfo.



Flotte skiløyper i majestetisk vinterlandskap

### Hjartestartar

I november 2021 starta Grendelaget ein Spleis for å samle inn pengar til hjertestarter i Steinsetbygda. Målet om kr.15 000,- vart nådd på 5 dagar. For ei giverglede!

Den er no kjøpt og montert ved inngangsdøra til Nord-Etnedal grendehus. Enn barnehagen/skulehuset som det også vert kalla på folkemunne.

Adresse Lauvhaug 19.

Hjertestartaren er registrert i Hjertestarterregisteret (<http://hjertestarterregister.no>)

Den er plassert utvendig i varmeskåp og er tilgjengeleg døgnet rundt.

Varmeskåpet har grendelaget kjøpt.

Grendelaget er veldig glade for å ha fått på plass ein hjertestartar i bygda, og vonar den aldri vert brukt



Hjertestartar montert på Grendehuset i Steinsetbygda

## Gapahuker

På vestsida av Steinsetfjorden – i tilknytning til sykkelstien, og ved Austalidtjednet -nær ski- og turløyper- har Grendelaget satt opp ein gapahuk på kvar plass.

Gapahuken ved Austalidtjednet ligg flott til og er fint innramma av skigard. (skigard levert av Ødegård sag, satt opp av Vegard Byfuglien) Her har Grendelaget kjøpt bålpanne, og det ligg ved der til å fyre opp med. Her er alt tilrettelagt for ein velfortjent rast- enten i forbindelse med ski- eller fotturen.

På vestsida av Steinsetfjorden er det også satt opp ein lafta gapahuk, båtbrytte og lysthus.

I tillegg har Grendelaget mura og støypt grill, så her er det gode moglegheiter for ei god kvile og nyte skue av den flotte fjorden og bygda. Dette er ei perle ved Steinsetfjorden og absolutt verdt eit besøk! Grendelaget har fått god hjelp av Ole K Hagaseth og Alf Fauske med lafting av gapahukane.



Gapahuken på vestsida



Gapahuken ved Austalidtjednet



Lysthuset på vestsida av Steinsetfjorden

## Sikteskive på Goarn

I 2018 fekk Grendalaget laga og satt opp sikteskive på Goarn. Skiva inneheld mange punkt. Ein kan mellom anna sjå meir enn 30 toppar over 2000 moh.

Sikteskiva på Goarn



## Steinsetfjorden rundt på sykkel

I 2012 ferdigstilte Grendelaget sykkelstigen på vestsida av Steinsetfjorden. Steinsetfjorden rundt er ei fin sykkelrunde i N. Etnedal, delvis i skog og delvis gjennom den langstrakte bygda med små jorder og ope kulturlandskap ned mot vatnet . Runda rundt fjorden er ca 13 km. Ein kan enten starte ved fotballbanen på Oset eller starte turen ved Skrindafeten. Ved gapahuken kan ein stoppe og nyte matpakka si og ta ein forfriskande dukkert i Steinsetfjorden, om det skulle freiste ein varm sumardag. Undervegs har du utsikt bla. mot Goarn, Jutulen og Rundemellin.

Alle desse prosjekta har for det meste vorte gjort på dugnad, både av Grendelaget sjølve og av andre hjelpsame sjeler i bygda. Det er også viktig for Grendelaget å få fram at dei er svært takksame for økonomisk støtte til desse prosjekta.

**Sykelstigen – ei fin runde rundt Steinsetfjorden**

Dei har fått tilskudd frå Etnedal kommune og diverse stiftelser, gåver frå private, også fleire minnegåver.

Etnedal har mykje å tilbu både fastbuande, hyttefolk og turistar. Vær flink og benytt deg av moglegheitene, dei legg rett utanfor døra di

Wenche Hillestad Møller





# Vårprogram på Blåflat

- Onsdag 27. april 19.00, Håndarbeidskveld, Etnedal husflidslag (åpent for alle)
- Søndag 1. mai 12.30, Feiring av Arbeidernes dag, Etnedal Arbeiderparti
- Lørdag 7. mai 12.00-15.00, Lørdagsvaffel med Blåflat gards venner
- Torsdag 12. mai 14.00, Konsert «Frem fra glemselen. Viser fra en svunnen tid med Helge Borglund og Jørn Kolsrud».
- Lørdag 21. mai 12.00-15.00, Lørdagsvaffel med Blåflat gards venner
- Mandag 23. mai, Jotun fotoklubb kommer på besøk
- Onsdag 25. mai 19.00, Håndarbeidskveld, Etnedal husflidslag
- Lørdag 4. juni 12.00-15.00, Lørdagsvaffel med Blåflat gards venner
- Lørdag 18. juni 12.00-15.00, Grillørdag med Blåflat gards venner
- Onsdag 22. juni 19.00, Håndarbeidskveld, Etnedal husflidslag



## 1. mai i Etnedal

kl. 11.00 Solidaritetsgudsteneste i Bruflat kyrkje  
kl. 12.30 Tog i Bruflat

Etnedal Arbeiderparti feirer i år dagen på Blåflat gard. Musikk og taler - Servering.

Se annonsering nærmere 1. mai

## Konsert med Thomas Brøndbo



Bruflat kyrkje  
27. april kl. 19.00

## Frivillighetens år

Parken på  
Bruflat og  
Blåflat gard

Nasjonalforeningen  
for folkehelsen



Etnedal  
helselag

Laurdag  
7. mai kl. 12

Hjartemarsj (kort og lang rute) kviss og servering  
Nærmare info kjem.

## Lørdagsvaffel på Blåflat gard

kl 12-15



7. mai  
21. mai  
4. juni  
18. juni (grillørdag)


## ETNEDALSDAGANE 2022 30. og 31. juli

Vi ønsker alle velkommen tilbake til  
Etnedalsdagane i 2022.  
Vi gleder oss!

Hilsen Bruflat Musikklag

Etnedalsdagane





På skogsstigane foto: Unni Klevgård

## Det muntre hjørnet

Ein litt tilårskomen enkemann i Snertingdal, hadde funne kjærleiken på nytt og var heilt klår til å gifte seg att.

Ved altaret fekk han det sedvanlege spørsmålet; «Vil du ha .... som står ved din side til ektefelle?» No hørde han ganske tungt, så han fekk ikkje heilt med seg det presten sa. Han vende seg difor til brura og spurte, Hå var det 'n sa? Ho hadde høyrte det, så ho gav mannen tydeleg beskjed. Hæin spør om du vil ha meg?

Ja, visst vil je ha deg, sa gubben ... klårare svar kunne ikkje presten forvente.

## VISDOMSORD

Når nokon taler ille om deg,  
så lev slik at ingen trur dei.  
Platon

Når du har gått akkurat så langt  
at du ikkje orkar å gå eitt skritt lenger,  
så har du gått akkurat halvvegs  
av det du klarar.  
Grønlandsk ordspråk



Våren kjem no  
- foto: Elisabet  
Kostøl Norling

Aud Ingrid Austdal med eit av sine  
fine kunstverk. Her har ho måla  
barndomsheimen sin i Steinsetbygda

## Konfirmantane i Bruflat kyrkje på Skaperverkets dag



Eivind Kompen, Ane Gunbjørnsen, Karita Sogn Bergene, Gudbrand Bjørnødegård Fagernæs og Sondre Storengen. Stian Juven Bøe var ikkje til stades då biletet vart take.

## Tre av konfirmantane i Nord-Etnedal



Mats Månun-Nerli, Thea Skogstad Kvernmo, Øystein Bergene

## Konfirmantar i Bruflat kyrkje 5. juni 2022

Karita Sogn Bergene  
Stian Juven Bøe  
Gudbrand Bjørnødegård Fagernæs  
Ane Gunbjørnsen  
Eivind Kompen  
Sondre Storengen

## Konfirmantar i Nord-Etnedal kyrkje 12. juni 2022

Øystein Bergene  
Thea Skogstad Kvernmo  
Mats Månun-Nerli

## Dåpshøgtid i Bruflat kyrkje

Olea Espelien vart døypt i Bruflat kyrkje 13. februar. Her er dåpsbarnet saman med foreldra Madelen Granvang Haugen og Bjørn Mikael Espelien, fadrane Inger Lise Bakken, Sunniva Nereng, Annhild Smålåden Espelien, Ole Anders Smålåden Espelien og Marit prest.





## Deg være ære

*Deg være ære, Herre over dødens makt!  
Evig skal døden være Kristus underlagt.  
Lyset fyller haven, se en engel kom,  
åpnet den stengte graven,  
Jesu grav er tom!*

*Deg være ære,  
Herre over dødens makt!  
Evig skal døden være  
Kristus underlagt.*

*Se, Herren lever!  
Salige morgenstund!  
Mørkets makter bever.  
Trygg er troens grunn.  
Jubelropet runger; Frelseren er her!  
Pris han, alle tunges, Kristus Herre er!*

*Deg være ære,  
Herre over dødens makt!  
Evig skal døden være  
Kristus underlagt.*

*Frykt ikke mere! Evig er han med.  
Troens øye ser det: Han gir liv og fred.  
Kristi navn er ære, seier er hans vei,  
evig skal han regjere, aldri frykter jeg.*

*Deg være ære,  
Herre over dødens makt!  
Evig skal døden være  
Kristus underlagt.*

Edmund Budry  
Omsett av Arne Fjellberg.



## Slekters gang



### Bruflat

Olea Espelien 13.02

### Nord-Etnedal kyrkje

Ole Nilsen Steinsli 27.03



### Bruflat

Solveig Breien Johansen	03.01.2022
Ingrid Lyshaugen	21.01
Tord Evensen Bergum	21.01
Jørgen Nysveen	25.01
Kari Bjørnødegård	03.02
Irena Eriksen	17.02
Solveig Solbrekken	01.03
Else Kari Garli	11.03
Synnøve Lofthus	01.04

### Nord-Etnedal

Odd Hagaseth	20.01
Mikael Ødegård	18.03
Astrid Nora Solbrekken	29.03

# Oppslagstavla



## Bibelordet:

*Englehelsinga til kvinnene, ved Jesu grav:  
«Ver ikkje redde! Eg veit de søker Jesus,  
den krossfeste. Han er ikkje her, han er stått  
opp, som han sa. Kom og sjå staden der han  
låg. Matteus ev. 28, 5*

**3.-5. april 2022**



Kirkens nødhjelp -  
fasteaksjonen  
Tema: Håp i ein  
dråpe vatn

Det blir bøsseaksjon i år, der konfirmantane vil  
banke på dører i heile Etnedal. Dei er ni, og det  
er ikkje sikkert dei rekk alle, men uansett om du  
får besøk eller ei (og om du ikkje har kontantar)  
kan du vippe til 2426. Sjå elles s. 8-11

## Gudstenester i påska

Palmesøndag, 10. april  
Kl. 1100 Klubbhuset, Mosletta

Skjærtorsdag, 14. april  
Kl. 1100 Etnedalsheimen  
Kl. 1900 Bruflat kyrkje

Langfredag, 15. april  
Kl. 1100 Røde kors-hytta, Lenningen

1. Påskedag, 17. april  
Kl. 1100 Bruflat kyrkje

2. Påskedag, 18. april  
Kl. 1100 Nord-Etnedal kyrkje

## Langfredag



Fredag 15. april  
kl. 19 På Bruflat  
menighetshus

Ernst Jan Halsne  
talar og syng.  
Arr.: Norsk Luthersk  
Misjonssamband



# KYRKJE-VÅRDEN

## Kjære alle som les Kyrkjevarden!

Takk for pengestøtte gjennom betaling av blad-  
pengar og gåver til bladet vårt!

Rundt 620 ex blir lagt ut i postkassene her i  
bygda, og 160 utanom dalen får Kyrkjevarden i  
postkassa. *Vil du gi eit bidrag i år ?*

**Bankgironr. er 2140.07.03822**  
**Obs! nytt nummer!**

Abonnementsavgiftene er også nye,  
innanbygds kr. 250, utanbygds kr. 300,  
men alle beløp blir takne imot med stor takk!

Helsing  
Kyrkjevarden  
Marit prest  
Redaktør

Forsidebilde: Grethe N. Bjørnødegård  
Påskelilje: Elisabet Kostøl Norling

# VEL MØTT TIL GUDSTENESTE



## 3. april – 4. søndag i fastetida

Kl. 11.00 Bruflat kyrkje. Tårnagentgudsteneste.  
Takkoffer til organisasjonen  
Menneskeverd.  
Kyrkjekaffe. Kyrkjelydens årsmøte

## 3.-5. april Fasteaksjon

### Tysdag 5. april -

Kl. 18.00 Bruflat menighetshus  
Fasteaksjonskveld ved  
konfirmantane og diakoniutvalet.  
Kristin Tepstad Eide frå Kirkens  
nødhjelp deltek.

## 10. april – Palmesøndag

Kl. 11.00 Klubbhuset, Mosletta  
Takkoffer til Norsk Luthersk  
Misjonssamband

## 14. april – Skjærtorsdag

Kl. 11.00 Etnedalsheimen. Nattverd-gudsteneste.  
Kl. 19.00 Bruflat kyrkje. Nattverd-gudsteneste.

## 15. april – Langfredag

Kl. 11.00 Røde-kors-hytta, Lenningen.  
Påskeandakt.  
Takkoffer til Etnedal Røde kors  
hjelpekorps

## 17. april – 1. Påskedag

Kl. 11.00 Bruflat kyrkje. Høgtidsgudsteneste.  
Dåp og nattverd.  
Takkoffer til Det norske Misjonsselskap.

## 18. april – 2. Påskedag

Kl. 11.00 Nord-Etnedal. Høgtidsgudsteneste.  
Nattverd.  
Takkoffer til Det norske  
Misjonsselskap

## 24. april – Inga gudsteneste

## 1. mai – 3. søndag i påsketida

kl. 11.00 Bruflat kyrkje. Solidaritetsgudsteneste.  
Takkoffer til hjelpearbeid i Ukraina.

## 8. mai – 4. søndag i påsketida

Kl. 11.00 Nord-Etnedal kyrkje. Nattverd.  
Takkoffer til Den norske Israelsmisjon.  
Nattverd.

## 15. mai – Inga gudsteneste

## 17. mai – Grunnlovsdagen

Kl. 10.30 Bruflat kyrkje.  
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

## 22. mai – Inga gudsteneste

## 26. mai – Kristi himmelfartsdag

Kl. 11.00 Blesen hos Sigrun og Kåre Espeseth.  
Takkoffer til Institutt for sjelesorg

## 29. mai – Søndag før pinse

Kl. 16.00 Bruflat kyrkje  
Samtalegudsteneste med konfirmantane.

## 5. juni – 1. Pinsedag

Kl. 11.00 Bruflat kyrkje. Konfirmasjon.  
Takkoffer til Frelsesarmeen, Odnos.

## 6. juni – 2. Pinsedag

Kl. 11.00 Brusveen grendehus, Takkoffer til  
Norsk Luthersk Misjonssamband.

## 12. juni - Treeinighetssøndag

Kl. 11.00 Nord-Etnedal kyrkje. Konfirmasjon.  
Takkoffer til Frelsesarmeen, Fagernes.

## 19. juni - 2. søndag i Treenighetstiden

Kl. 11.00 Fjellsbygda grendehus. Takkoffer til  
kyrkjelydsarbeidet.

## 26. juni – Inga Gudsteneste

## 2. juli – 4. søndag i Treenighetstiden

Kl. 16.00 Bruflatlie 30 hos Marit prest.  
Plengudsteneste  
Takkoffer til Det teologiske  
Menighetsfakultet. Kyrkjekaffe.

## Med atterhald om evt. endringar

Gudstenestene blir annonsert i avisa Valdres, på  
heimesida vår; [Kyrkja.no/Etnedal](http://Kyrkja.no/Etnedal) og på face-  
book-sida Kyrkja i Etnedal.

## Påskedag



## Jesu Kristi oppstode

*Då sabbaten var til ende og det tok til å lysna første dagen i veka, kom Maria Magdalena og den andre Maria for å sjå til grava.*

*<sup>2</sup> Då kom det brått eit kraftig jordskjelv, for ein Herrens engel steig ned frå himmelen, gjekk fram til grava, rulla steinen ifrå og sette seg på han. <sup>3</sup> Han var som eit lyn å sjå til, og kleda hans var kvite som snø. <sup>4</sup> Vaktmennene skalv av redsle for han og vart liggjande som døde. <sup>5</sup> Men engelen tala til kvinnene og sa: «Ver ikkje redde! Eg veit at de leitar etter Jesus, den krossfeste. <sup>6</sup> Han er ikkje her; han er stått opp, som han sa. Kom og sjå staden der han låg! <sup>7</sup> Skund dykk av stad og sei til læresveinane hans: 'Han er stått opp frå dei døde, og no går han føre dykk til Galilea; der skal de få sjå han.' – No har eg sagt det til dykk.» <sup>8</sup> Då skunda dei seg bort frå grava, redde, men jublande glade; og dei sprang av stad for å fortelja det til læresveinane. <sup>9</sup> Og sjå, Jesus kom imot dei og sa: «Ver helsa!» Då gjekk dei fram, tok om føtene hans og tilbad han. <sup>10</sup> Og Jesus sa til dei: «Ver ikkje redde! Gå og sei til brørne mine at dei skal fara til Galilea. Der skal dei få sjå meg.»*

*Matteus-evangeliet kap. 28, 1-10*